



Tyssealand Arkitektur AS
Valkendorfsгатen 9
5012 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/844 - 16/18811

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
30.09.2016

GBNR 23/567 - Pålegg om utbetring av kommunal vassleidning etter sprengningsuhell m.v

Administrativt vedtak. Saknr: 317/2016

Tiltakshavar: Boligbygg Vest AS
Ansvarleg søkar: Tyssealand Arkitektur AS
Ansvarleg utførande: Staren AS

SAKSUTGREIING:

Kommunen viser til korrespondanse knytt til sprengningsuhell ved byggjearbeida på Elvaåsen. Ved epost sendt ansvarleg søkar 26.9.2016 blei det opplyst at kommunen som følgje av skade på vassleidning ved sprenging og mogleg fare for ytterlegare skade på private eller offentlege installasjonar vurderte pålegg om byggjestans.

Vidare etterspurde kommunen opplysningar om endringar av VA-anlegget som tiltak (leidningstrasé, utføring og tilhøvet til private rettar). Det er ikkje motteke konkrete svar frå ansvarleg søkar knytt til desse tilhøva.

Øydelegginga av den kommunale vassleidninga har som konsekvens at kommunen sin evne til vassforsyning til ei rekke husstandar på Frekhaug er komen i ein sårbar situasjon.

VURDERING:

1. Pålegg om utbetring av kommunal vassleidning:


Administrasjonen er sterkt kritisk til ansvarleg utførande sin framferd i samband med arbeida, som etter administrasjonen innebar eit klart brot på Plan- og bygningsloven (pbl) § 28-2 (sikringstiltak ved byggjearbeid mv), som har følgjande ordlyd:

«Bygge- eller rivingsarbeid, graving, sprenging eller fylling kan ikke igangsettes uten at de ansvarlige på forhånd har truffet nødvendige tiltak for å sikre mot at skade kan oppstå på person eller eiendom, og for å opprettholde den offentlige trafikk.

Maskiner, stillaser og alt utstyr for byggearbeid skal være forsvarlig innrettet og vedlikeholdt, og driften skal være ordnet slik at fare for liv og helse ikke oppstår. Kommunen kan gi de pålegg den finner påkrevd for at disse bestemmelser blir holdt [adm. understreking], herunder om grunnundersøkelser».

For å gjenopprette kommune sin kapasitet og tryggleik for vassforsyning gir kommunen med heimel i pbl § 28-2 pålegg om etablering av ny vassforsyningsleidning i trasé vist nedanfor merka raudt (situasjonskart innsendt av Rambøll). Tilkopling skal skje i ny kum som kommunen vil stå for etablering av (vist på leidningskart nedanfor, punkt 11254).

Utsnitt av innsendt sit.kart:



Pålegget blir gitt for å sikre mot at framtidig skade kan oppstå knytt til kommunen sin kapasitet og plikt til vassforsyning.

Kommunen set frist for gjennomføring av pålegget til **1.11.2016**.

Arbeida må samordnast med kommunen i høve til etablering av ny kum nemnd ovanfor. Kontaktpersonar i kommunen er Harry Finseth og Egil Gripsgård.

2. Endringssøknad - VA-anlegg:

Kommunen har frå Rambøll motteke ny planteikning/VA-rammeplan (oversiktsteikning) som viser andre løysingar enn dei som ligg inne i rammeløvet. Mellom anna føreset løysingane rett til å legge leidningane over naboeigedom. Endringane må omsøkast og nabovarsast. Naudsynte privatrettslege rettar må dokumenterast på vanleg måte, jf pbl kap 27.

Det ligg ikkje føre nokon utbyggingsavtale eller overtakingsavtale for VA-anlegget. Tiltakshavar må ta initiativ til dette. Administrasjonen kan allereie no gi førebels tilbakemelding om at nokre av løysingane som ligg inne i ny VA-rammeplan tilsendt frå Rambøll vil vere til hinder for kommunal overtaking av anlegget, då desse ikkje er i samsvar med kommunen sin VA-norm. Dette gjeld mellom anna mindre pumpekummar og stikkleidningar som ikkje går til kum.

3. Tryggleik på byggeplassen – Pbl § 28-4:

Administrasjonen har fått førespurnader frå bebuarar i området knytt til dårleg informasjon og sikring av byggeplassen mellom anna manglande inngjerding av djupe vassdammar. Epost frå Geir-Håkon Gotaas knytt til desse tilhøve ligg ved dette skriv.

4. Tursti i området:

Som tidlegare informert har administrasjonen fått spørsmål knytt til stenging av tursti i byggeområdet frå Elvavegen til Elvavika og Haltejohansvika. Det har òg vore oppe som spørsmål for Kommunestyret i spørjetimen.

Administrasjonen oppmodar utbygger om snarast å finne mellombelse løysingar for opning av turstien, eventuelt med skilting av alternativ trasé. Eirik Utne, leiar for tenesteområde kultur, er kontaktperson i kommunen for spørsmål knytt til tursti.

Kommunen ber om samla skriftleg tilbakemelding for punkt 2-4 innan 18.10.16.

VEDTAK:

«Med heimel i Plan- og bygningsloven (pbl) § 28-2, 2. ledd gir Meland kommune pålegg om etablering av ny vassforsyningsleidning i trasé merka raudt i utsnitt av situasjonskart i vurderinga ovanfor. Pålegget er rettar seg mot tiltakshavar, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande. **Pålegget må gjennomførast snarast, og seinast innan 1.11.2016.** Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Vedlegg:

Epostkorrespondanse - Elvaåsen